

NOTAT

10.11.2022



Nye kraftstasjonsbygg til Hardeland og Litledalen kraftstasjoner

Sunnhordland Kraftlag AS ber om innspel til detaljplan for miljø og landskap for nye kraftstasjonsbygg for Hardeland og Litledalen kraftstasjoner. Relevante innspel kan mellom anna omtala arealbruk, utforming, omsyn i anleggsperioden, innspel til etterbruk av dei gamle kraftstasjonsbygga.

Fristen for å gje innspel er 18. november.

Detaljplan for miljø og landskap sendast inn til NVE og denne må godkjennast før byggestart. SKL tek i mot innspel til planane og behandlar dei i samband med ferdigstilling av detaljplanen, før innsending til NVE.


Kontaktinformasjon for spørsmål og innspel

Inger Johanne Hagen

E-post: inger.johanne.hagen@skl.as

Telefon: 48009206

Framdrift



NOTAT

10.11.2022



Omtale Hardeland kraftverk


Vedlagt teikning viser planar for nytt stasjonsbygg ved sida av eksisterande bygg. Bygget vert oppført på delvis tilførte tippmassar frå Løkjelsvatn prosjektet, og delvis på eksisterande grunn. Når aggregata i Hardeland kraftstasjon er sett ut av drift vert den eksisterande utløpskanalen fylt igjen, og vegen forbi stasjonen vert utvida. Eksisterande elektromekanisk utstyr i Hardeland stasjon vert fjerna. SKL vil undersøke om gjenverande bygg kan nyttast av anna næringsverksemd eller anna samfunnsnyttig føremål. Dersom dette ikkje lar seg gjera er det aktuelt å fjerna det på eit seinare tidspunkt.

- Anleggsområdet er avgrensa til området rundt Hardeland kraftstasjon, samt riggområda som er markert i teikning på neste side.
- I anleggsperioden vert vegen som går forbi Hardeland stasjon lagt om. Dette for å sikra tryggleik for forbipasserande, samt gi betre rom for å gjennomføra anleggsarbeidet. Søknad er sendt til Etne kommune.
- Eksisterande røyrgate skal nyttast vidare og koplast saman til nytt stasjonsbygg ved ny nedgrave røyrgate på 52 meter.
- Eksisterande røyrgate skal gjennom naudsynt vedlikehald ved overflatebehandling og rehabilitering av betongklossar
- Alle midlertidige anleggsvegar og lager- og riggområde vil bli tilbakeført etter anleggsperioden.
- Bautasteinen som står på/rett ved nytt uteområde for den nye kraftstasjonen vert i anleggsperioden flytta nord for eksisterande kraftstasjon og utanfor inngrepsområdet for prosjektet. Ved istandsetting av uteområda vert steinen flytta tilbake mot opprinneleg plassering. Avstand mellom eksisterande plassering og ny permanent plassering er ca. 7 m. SKL har dialog med kulturminnemynde hos Vestland fylkeskommune om dette.

Framdriftsplan:

- | | |
|------------------------------------|----------------|
| • Tilrigging og førebuande arbeid: | September 2023 |
| • Oppstart grunn- og betongarbeid: | September 2023 |
| • Omkopling røyr: | Juli 2024 |
| • Ferdigstilling/driftsetjing: | September 2024 |
| • Terrengoppussing: | Mai 2025 |

Plan for ny stasjon Hardeland kraftverk



NOTAT

10.11.2022

Omtale Litledalen kraftverk

Vedlagt teikning viser planar for nytt stasjonsbygg ved sida av eksisterande bygg. Ny kraftstasjon vert kopla til eksisterande vassveg. Eksisterande elektromekanisk utstyr i Litledalen stasjon vert fjerna. SKL vil undersøke om gjenverande bygg kan nyttast av anna næringsverksemd eller anna samfunnsnyttig føremål. Dersom dette ikkje lar seg gjera er det aktuelt å fjerna det på eit seinare tidspunkt.

- Anleggsområdet er avgrensa til området rundt Litledalen kraftstasjon, og over vegen mot eksisterande utløpskanal, samt riggområda som er markert i teikning.
- Utløpskanalen til ny kraftstasjon vert etablert under Kaldheimsvegen og ut mot dagens utløpskanal. Dette medfører behov for stenging av vegen i delar av anleggsperioden. Søknad er sendt til Etne kommune.
- Eksisterande røyrgate vert nytta vidare og vert kopla saman til nytt stasjonsbygg ved ny nedgrave røyrgate på ca 50 meter.
- Eksisterande røyrgate skal gjennom naudsynt vedlikehald ved overflatebehandling og rehabilitering av betongklossar
- Alle midlertidige anleggsvegar og lager- og riggområde vil bli tilbakeført etter anleggsperioden.

Framdriftsplan:

- | | |
|------------------------------------|----------------|
| • Tilrigging og førebuande arbeid: | September 2023 |
| • Oppstart grunn- og betongarbeid: | September 2023 |
| • Omkopling røyr: | Juli 2024 |
| • Ferdigstilling/driftsetjing: | September 2024 |
| • Terrengoppussing: | Mai 2025 |

Plan for ny stasjon Litledalen kraftverk

